



## Fred i vår tid

tysdag 1 juli kl 18

### *Fred for fjern og nær!*

Direktør for Nobels Fredssenter, Kjersti Fløgstad,  
i samtale med Ida Habbestad  
Inger E. B. Habbestad: resitasjon  
Barneborn Frida, Hanna og Mattis, kor  
Ingrid, kornett og Laura, cello  
Ida Habbestad, fløyte, Erlend Habbestad, cello,

Alle ber på ein draum om at det på jorda skal råda fred, rettferd og forsoning mellom menneske, folkegrupper og nasjoner. Men realitetane er annleis; me lever i ei verd der vald, terror og krig rår og der rustningsindustrien går for fullt for å produsera våpen av alle slag. I denne konserten belyser me fredstemaet i to innfallsvinklar; gjennom ein samtale mellom direktør for Nobels Fredssenter, Kjersti Fløgstad, og Ida Habbestad, og dinest i kunstarleg form gjennom Arnold Eidslott-tekstar, samt fredsstat frå heile verda, samansette i komposisjonen «Fred for fjern og nær» av Kjell Habbestad (urframføring).

onsdag 2 juli kl 18

### *Shirabe*

Harpisten Maria Bubnova frå Moskva drog frå Russland til Noreg for å studera. No er det ingen veg attende. På eksamenkonsernet spela ho m.a. ukrainsk musikk. Hindemith var opphavet til hennar prosjekt «Krig og fred, mot krig, for fred», ein konsern ho heldt ved Nobels fredssenter. Med seg har ho den polske harpisten Marcelina Dabek, samt Elias Habbestad Kjelsås, violin og Simon Habbestad Kjelsås bratsj. Verket «Shirabe» av Kjell Habbestad (tyding: 'melodi', eller 'å undersøkja' — nemleg tilhovet mellom ein sjolv og den kosmiske tilstanden ein finst i), er eit møte mellom tre lands kulturar — der idear og element overlappar kvarandre med sine eigne stemmer, karakteristikkar og signaturar.

Maria Bubnova, harpe

Marcelina Dabek, harpe

Elias Habbestad Kjelsås, violin

Simon Habbestad Kjelsås, bratsj

torsdag 3 juli kl 18

### *Priez pour paix*

David Hansen, kontratenor  
Lina Braaten, piano  
Invild Habbestad, fiolin  
Elias Habbestad Kjelsås, fiolin  
Simon Habbestad Kjelsås, bratsj  
Erlend Habbestad, cello

Den verdskjende kontratenoren David Hansen frå Sydney i Australia, busett i Oslo, hadde sin europeiske debut ved Festival d'Aix-en-Provence i 2004, i rollen som Dido i Purcells «Dido og Aeneas.» Etter debuten har han opptrådd både i operarollar og på konserter i Noreg, USA, Australia og dei fleste europeiske land, m.a. i «Hans og Grete» ved Den Norske Opera og Ballett. I tillegg til Respighis «Il Tramonto» og Chaussons «Chanson Perpétuelle» framfører David Hansen, i tråd med festivalens fredsbodskap, verket «Priez pour paix» (bon om fred) av Poulenc. Med seg har han den eminente pianisten Lina Braaten samt Smøgas eigen strykekvartett.

fredag 4 juli kl 18

### *Ny tid!*

Invild Habbestad, nyckelharpa  
Trond Kjelsås, piano og harmonium

Møtet med lyden av nøkkelarpa er det få som går urørt frå. Den såre, ærlege songen frå instrumentet, understrenge sitt klangrom og klakkinga frå mekanikken blandar seg til ein lyd som tek snarvegen rett inn i hjartet og sjela. I fjar debuterte Invild Habbestad som komponist/arrangør gjennom si tilrettelegging av «Draumkvedet» saman med Kim Rystad. I år er ho plateaktuell med eigne komposisjonar på CD'en «Blikstilt». På herverande konsern er det imidlertid mannen hennar, Trond Kjelsås som framtrer med eigne komposisjonar — i ei 'setting' for nøkkelarpa og piano eller harmonium, under tittelen «Ny tid!» — som uttrykkjer vårt håp for framtida.

laurdag 5 juli kl 18

### *Romanorvegia*

Ung kammer frå NOR59 Strykekinstitutt  
Solistar: Isaac Garcia Reymert,  
Elias Kjelsås Habbestad og  
Simon Kjelsås Habbestad, fiolin

Verket «Romanorvegia» er eit møte mellom to europeiske land, Romania og Noreg; skildra gjennom begge lands musikalske opphavsmateriale; den rumenske *doina* og den norske hardingfelemusikken; i dialog, i kontrapunkt, i overlapping — undersøkjande likskapar og kontrastar. Verket, mellom andre verk, vert framført av UNG kammer, ei undergruppe av NOR59 Strykekinstitutt. NOR59 vart starta av Thorn Magnus Reymert i 2008. I dag har instituttet meir enn 150 elevar fordelt på fem orkesternivå. Reymerts slagord og drivkraft er: «Hvis du plukker 100 barn tilfeldig fra gaten, vil 70 av dem kunne bli musikere på heltid.» Finst det viktigare fredsarbeid?